Vedlegg til Kulturrådet:
Søknad om Bestillingsverk

**Regionskorps Hardanger, Voss, Vaksdal**

I år 2000 gjekk kulturskulane i Hardanger inn for å gjera eit løft for korpsa i regionen Hardanger, Voss, Vaksdal. Bakgrunnen var at mange korps sleit med rekruttering, og dei små korpsa fekk Skjeldal høve til å spela i større samanhengar. På grunnlag av dette vart det teke initiativ til å samla dei, slik at dei fekk spela i eit større korps utan å måtte prøvespela. Eit årleg seminar og samarbeid over korpsgrensene med proffe instruktørar har hatt mykje å seie for kvart enkelt korps i regionen Hardanger, Voss, Vaksdal.

Vanligvis er korpset delt inn i ei gruppe for junior, og ei gruppe for senior, der notematerialet er tilpassa ferdigheter. Gjennomsnittleg deltaking har vore 70 i hovudkorpset og 30 i juniorkorpset. Instruktørar vert henta frå kulturskulane i den grad det let seg gjera, og det økonomiske vert fordelt på deltakende korps og kulturskular, og støtta av Hardangerrådet og lokal sponsing.

På vegne for regions-satsinga,

Bjørne Møen
kulturskolerektor i Eidfjord Kommune